


GOL KOMMUNE

# KULTURPLAN

## 2020-2030



***"Det gode liv på Gol"***

Gol kommune

Gamlevegen 4, 3550 Gol

[www.gol.kommune.no](http://www.gol.kommune.no)

Forsidebilete:

Sunshine Mountains av Mormor (DK), 2017.

Vedteke av Gol kommunestyre d. 5. mai 2020; sak 28/20.

## **Forord**

Kulturbegrepet femner om mangt og mykjer. For som det står i planen; «*kultur og fritidslivet på Gol er rikt og mangfoldig*». Og med kulturplanen har politikarar og administrasjonen i Gol sett seg mål og vil iverksette tiltak for at dette viktige mangfoldet består.

Alle desse tilboda og det arbeidet som blir lagt ned, er på mange måtar hjørnesteinar i grunnmuren til Gol- samfunnet. For barn og unge som veks opp i Gol, er det viktig at dei finn fritidsaktivitetar som engasjerer, der dei kjenner seg heime og har god meistringskjensle. Dette er alfa og omega for at dei seinare skal sjå tilbake på oppveksten i Gol som god og, ha eit ynskje om å bli buande eller kome heim att etter fullført utdanning eller nokre år i arbeid utanfor dalen.

Men fritidsaktivitetar og kulturtildeling er viktig ikkje berre for de unge. Vi skal også hugse at for dei som vel å flytte til Gol utan tidlegare tilknytting til kommunen, er fritidsaktivitetane ein viktig møteplass og ein god måte å bli raskt integrert i lokalsamfunnet på. Kulturlivet er ein viktig brikke i å skape bulyst.

Det politiske miljøet i Gol meiner at Kulturplanen er ein god plan i den forstand at den set mål og legg til rette for konkrete tiltak. Vi håpar at samarbeidet kommune – friviljuge lag og organisasjonar vil vere ein katalysator. Gol kommune kan ikkje åleine skape eit godt kulturliv, her er det eldsjeler og alle si deltaking som skapar kulturen. Kommunen skal vera ein medspelar og ein positiv premissleverandør.

Planen gir også ei oppgåve til oss politikarar. Med omsyn til det politiske arbeidet vidare, er planen klar på målet om for eksempel å vidareutvikle Hallingmo-området. Her er nemnt ny ungdomsklubb og utviding av biblioteket. Dette føyer seg saman med opprusting av samfunnshuset. Det som er spanande med slike målsettingar, er korleis vi gjennom fagleg utgreiing og politiske vedtak saman kan imøtekoma innbyggjarane sine behov og ynskjer om nye arenaer, og på denne måten få kulturlivet i Gol framover i ein felles ønska retning. Målet er at det skal bli rom for nye aktivitetar og at mangfoldet skal bløme i framtida også.

Asle B. Bråtalien

Leiar UKL

## Innhold

Forord .....	2
1. Innleiing og bakgrunn for planen .....	4
2. Planprosessen.....	5
3. Overordna føringar og målsettinga .....	7
4. Rammemål, mål og tiltak.....	9



Foto: Adrian Minde

*«kulturarbeid er sjølve kjerna i å skape aktivitet, møteplassar, opplevingar og tilbod for alle i Gol kommune. Kulturarbeidet er sentralt i profileringa av Gol som ein attraktiv bu- og reiselivskommune, dette i eit tett samspel mellom friviljuge lag og organisasjonar og kultur- og fritidsavdelinga i Gol kommune. Det gode lokalsamfunn skapar vi saman»*

## **1. Innleiing og bakgrunn for planen**

Kulturarbeidet i Gol kommune har eigenverdi som femnar om tradisjon og fornying. Kultur og fritidslivet på Gol er rikt og mangfaldig. Heile året er barn, unge og vaksne engasjert i aktivitetar og opplevingar som inspirerer, utviklar og utfordrar. Dette går føre seg på Gol bibliotek, på Gol kulturskule, på Klubb1, på Bygdearkivet, på Bygdemuseet eller hos friviljuge lag og organisasjonar. Utan kulturarbeidet vil kommunen ikkje gje rammene for det gode liv på Gol, som er eit definert satsingsområde i samfunnsdelen av kommuneplanen 2018-2030.

Denne kulturplan byggjer på at kulturarbeid er sjølve kjerna i å skape aktivitet, møteplassar, opplevingar og tilbod for alle i Gol kommune. Kulturarbeidet er sentralt i profileringa av Gol som ein attraktiv bu- og reiselivskommune, dette i eit tett samspel mellom friviljuge lag og organisasjonar og kultur- og fritidsavdelinga i Gol kommune. Det gode lokalsamfunn skapar vi saman.

Kulturplanen skal stake ut kurset for utviklinga av kulturarbeidet i Gol kommune fram mot 2030. Planen blir det nye overordna kulturpolitiske styringsdokumentet, og skal vise kva visjonar og mål Gol kommune har for utviklinga av kultur- og fritidsområdet. Mål og tiltak i planen vil i neste omgang bli fylgd opp i den årlege budsjettprosessen (handlingsprogrammet og økonomiplanen) og i den administrative og politiske handsaminga av enkeltsaker innan kultur- og fritidssektoren.

Det utvida kulturomgrepet legg til grunn for planen. Det vil seie at ein tenkjer både på tradisjonelle kunst- og kulturuttrykk, lag og foreiningar og det fysiske miljøet med idrett og friluftsliv, fritid og tilgrensande samfunnsområder.

Kulturplan 2020-2030 erstattar tidlegare vedtekne kulturplan 2010-2013.

## 2. Planprosessen

Kulturplan 2020-2030 er utarbeidd av kultur- og fritidsavdelinga etter vedtak om oppstart i Utval for kultur og levekår hausten 2018. I november 2018 hadde Utval for kultur og levekår eit temamøte om kulturplanen, for å gje innspel og avklare retninga på planen i forkant av oppstart av planarbeidet. Utvalet har også hatt innspel til planarbeidet under vegs, ved gjennomgang av forslag til mål og tiltak i planen sommaren 2019.

Lag og organisasjonar har hatt planen til høyring hausten 2019.

Kulturplan 2020-2030 er vedtatt av kommunestyret d. 5. mai 2020 i sak 28/20.

Oversikt planprosessen:

Politisk oppstartsmøte UKL	November 2018.
Utarbeiding av mål og tiltak	November 2018 – april 2019
Politisk dialogmøte	12. Juni 2019
Politisk behandling av høyringsutkast	August 2019
Dialogmøte med lag og organisasjonar	September 2019
Høyringsperiode	September – November 2019
Politisk vedtak	Mai 2020





Foto: Anita Borrmann Skoglund

*«Når offentlegheita blir stadig meir oppdelt, kan kunst og kultur både danne, forme og styrke fellesskap og samfunnsstrukturen rundt oss.  
Variasjon medverkar til nytenking, innovasjon og kreativitet. Ein offensiv og målretta kulturpolitikk vil vere eit effektivt verktøy for å fremje ei positiv utvikling i samfunnet.»*

### **3. Overordna føringer og målsettinga frå staten og fylkeskommunen - Kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030**

#### *3.1 Nasjonale føringer*

Kulturlova ligg til grunn for kulturplanen. I St meld 8 2018-2019 Kulturens kraft – kulturpolitikk for framtida, blir det signalisert at det kan kome endringar i kulturlova, gjennom at oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom forvaltningsnivåa skal gjennomgåast. Det kan m.a. vera aktuelt å styrke dei føresegne i kulturlova som pålegg ansvar for kommunane.

Vidare er kommunen pålagt å ha et bibliotektilbod i tråd med krava i Lov om folkebibliotek. Lov om kulturminner regulerer arbeidet med kulturminner og kulturarven i kommunen.

Utover dette utøver staten ei indirekte form for styring av kultursektoren i kommunen gjennom statsbudsjettet og føringer i stortingsmeldingar, strategidokument, handlingsplanar osb.

St meld 8 2018-2019 Kulturens kraft – kulturpolitikk for framtida er i tråd med ambisjonen i framlegget til ny kulturplan for Gol:

*«Eit rikt og variert kulturliv er ein av føresetnadene for ytringsfridom og eit vel fungerande demokrati. Når offentlegheita blir stadig meir oppdelt, kan kunst og kultur både danne, forme og styrke fellesskap og samfunnsstrukturen rundt oss.*

*Variasjon medverkar til nytenking, innovasjon og kreativitet. Ein offensiv og målretta kulturpolitikk vil vere eit effektivt verktøy for å fremje ei positiv utvikling i samfunnet.»*

Vidare angir FN sin Barnekonvensjon §31. Leik og fritid, at barn har rett til kvile, fritid og leik, og til å delta i kunst og kulturliv. I Fritidserklæringa (2016) forpliktar regjeringa og ei rad friviljuge organisasjonar seg til å arbeide for at alle barn skal ha tilgang til og kunne ta del i ulike kultur- og fritidsaktivitetar.

### *3.2 Fylkeskommunale føringar*

Buskerud Fylkeskommune sin kulturstrategi; Kunst- og kulturstrategi for Buskerud 2019- 2022 er Buskerud fylkeskommunes overordna styringsdokument for prioriteringar og satsingar for kunst og kulturpolitikken i perioden. Strategien er også eit viktig grunnlag for utviklinga av Viken fylkeskommune sin kunst- og kulturpolitikk etter 2020.

### *3.3 Gol kommuneplan, samfunnsdelen 2018-2030*

Kommuneplanens samfunnsdel vedteke i 2018 har ikkje eit eige kapittel om kultur og fritid, men omtalar i eit eige avsnitt «det gode liv», der mål og strategiar er oppført for kultur- og fritidsområdet:

#### Mål

- Gol skal ha eit variert kultur- og fritidstilbod
- Gol skal leggje til rette for deltaking og meistring i ulike livsfasar

#### Strategiar

Gol kommune skal

- Inngå avtaler med frivilligheita for å fremje positiv utvikling og dyrke fram det gode initiativet
- Ha eit mangfold av kulturaktiviteter og eit moderne kulturskuletilbod
- Ha kultur-, idretts- og fritidstilbod som skal vera inkluderande og tilgjengeleg for alle
- Utvikle bibliotektenesta som ein samskapande kulturarena
- Vere med og leggje til rette for å skape gode sosiale møteplassar
- Vere med og skape haldningar som fremjar inkludering, mangfold og gjensidig respekt

## **4. Rammemål, mål og tiltak per område**

Kulturplanen omtalar fire overordna rammemål for planperioden. Vidare er dei overordna rammemåla omsett til mål og tiltak for kvart delområde i planen.

### *4.1 Overordna rammemål for kultur og fritid 2020-2030:*

- Gi alle innbyggjarar i Gol kommune høve til å delta i fritidsaktivitetar, kunst og kulturtilbod, uansett alder, kor dei bur, kvar dei kjem i frå; helse og funksjonsevne, språk, økonomi og sosiale forhold.
- Styrke kommunens rolle som støttespelar for frivilligheita, og leggje til rette for ein sterk og mangfoldig frivillig sektor innan kulturfeltet, der samskaping står sentralt som begrep.
- Gjennom kultur som drivkraft styrke identiteten til Gol og auke attraktiviteten for dei som bur i kommunen, bidra til auka tilflytting og trekke til seg næringsliv og tilreisande.
- Hallingmo området skal byggjast ut i planperioden som eit felles område for kunst, kultur, læring og aktivitet med tre sentrale omgrep; Glad, inkluderende og aktiv, som styrande for organisert og uorganisert bruk.

### *4.2 Mål og tiltak per område*

I dette avsnittet blir dei overordna rammemåla på kvart område innan kultur og fritid konkretisert. Det er skissert eigne mål og tiltak for å oppnå måla i planperioden.

*«Barn og unge sin kvardag er i endring, trendar endrar seg raskt og den teknologiske utviklinga gir nye kommunikasjonsmønster som igjen formar nye fritidsmønster. Dette gjer at tilboda til barn og unge bør vera dynamiske og fleksible»*

#### *4.2.1 Barn og unge*

Deltaking i fritidsaktivitar er viktig for trivsel og tilhørighet i lokalsamfunnet. Aktivitet gir meistringsopplevelingar for alle i ein atmosfære prega av tryggheit. Barn og unge bør dirfor ha høve til å delta i kultur- og fritidsaktivitetar uavhengig av kulturell- og sosioøkonomisk bakgrunn eller kvalifikasjonar. Det er i nærmiljøet barn og unge har oppveksten sin, og det er her dei gode tilboda i størst mogeleg grad bør vera. Gode og breie kulturtilbod lokalt kan i tillegg rekruttere til regionalt

samarbeid om spissing av kompetanse innan kultur og idrett. Slikt samarbeid kan vera avgjerande steg på vegen for å ta utdanning og gjera disiplinen til levebrød i vaksen alder.

Fritidsaktivitetar gir dei unge kunnskapar og ferdigheter, i tillegg er det ein arena der barn og unge får opplæring i demokrati og samfunnsforståing.

Barn og unge sin kvar dag er i endring, trendar endrar seg raskt og den teknologiske utviklinga gir nye kommunikasjonsmønster som igjen formar nye fritidsmønster. Dette gjer at tilboda til barn og unge bør vera dynamiske og fleksible.

Ungdomsklubben - Klubb1 er ein open møteplass for ungdom mellom 13 og 18 år. I Gol er dette organisert som ei kommunal teneste. Tilboden er i dag lokalisert i kjellaren i Breidokk barnehage. Klubb1 har open 2 kveldar kvar veke og er godt besøkt. I 2018 var snittbesøket pr. kveld 56 unge. På Klubb1 er ein musikkverkstad– ein open arena for alle ungdommar som ynskjer å spele musikk. Musikkverkstaden er eit samarbeid mellom Klubb1 og Gol frivilligsentral. I desember 2019 hadde Klubb1 40 års jubileum.

Ung kultur møtes (UKM) er ei kulturmønstring der alle barn og unge i alderen 10-20 år kan delta. Mønstringa har ein låg terskel for å kunne delta og dei som blir vald ut, kjem vidare til til fylkesfestivalen.

Gol ungdomsråd har representanter frå 8. trinn i grunnskulen til 3. trinn i vidaregåande. I tillegg er det med representantar frå Klubb1. Det er også med ein representant frå Utval for kultur og levekår, i tillegg til ordførar. Ungdomsrådet skal vere eit talerøy og ein felles arena for saker som er aktuelle for barn og unge. Ungdom i Gol skal ha høve til medbestemming og påvirkning i kommunale saker. Gjennom demokratiske prosessar skal Ungdomsrådet gi ungdommane høve til å bli tekne på alvor og ha reell innflyting.



Foto: David Underland

## Mål og tiltak – barn og unge

Mål	Tiltak
<b>1.</b> <i>Ha og vidareutvikle arenaer der barn og unge gjennom ulik aktivitet kan oppleve meistring</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ny ungdomsklubb på Hallingmo</li> <li>• Aukar bemanning på Klubb1</li> <li>• Etablerer fleire aktivitetsanlegg/arenaer for barn og unge på Hallingmo</li> <li>• Gol kommune skal vere ein del av aktive lokalsamfunn</li> <li>• Vidareføre og auke dei økonomiske støtteordningane som bidreg til å skape aktivitet for barn og unge</li> <li>• Skal utvikle musikkverkstaden på Klubb1</li> </ul>
<b>2.</b> <i>Barn og unge får varierte tilbod innan kultur og fritid</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Minimum ein gong per år arrangere ein konsert/arrangement for ungdommen, åleine eller i samarbeid med det friviljuge kulturlivet</li> <li>• Arrangere minimum tre førestillingar i året for barn/familie, åleine eller i samarbeid med det friviljuge kulturlivet</li> <li>• Sørge for at barnehagar og skular får tilbod om produksjonar av profesjonelle kunstnarar minimum 2 gonger per år</li> <li>• Utvikle ein årleg kulturens dag for barn og unge åleine og/eller i samarbeid med andre aktørar</li> <li>• Redusert pris for barn og unge på kultur- og fritids arrangement</li> <li>• I samarbeid med lag og organisasjonar, leggje til rette tilbod for barn og unge med særlege behov</li> </ul>
<b>3.</b> <i>Å gi barn og unge høve til medverknad og involvering i kultur- og fritidsarbeidet på Gol. I dette ligg også å kunne fange opp nye trendar innan ungdomskulturen</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Halde fram med Gol ungdomsråd</li> <li>• Ungdomsrådet skal delta i arbeidsgrupper og prosjekt innan samfunns- og stadsutvikling</li> <li>• Ungdomsrådet er med i eit regionalt ungdomsråd og i prosessen med å få til eit Ungdommens fylkesting</li> <li>• Støtte ungdomstiltak med midlar, og føre ungdomsgruppenes sak overfor administrasjon og politikare lokalt og regionalt</li> <li>• Leggje til rette for at barn og unge får høve til å medverke ved ulike arrangement, og opprette «Unge arrangørar»</li> <li>• Vidareføre UKM som eit årleg arrangement</li> </ul>

*«folkebiblioteket skal vere ein uavhengig møteplass og arena for samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbod til barn og vaksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet»*

#### 4.2.2 Gol bibliotek

Gol bibliotek er eit kombinert folkebibliotek og skulebibliotek for Gol skule, Læringssenteret Hallingdal og Gol vidaregåande skule. Biblioteket er ein viktig møteplass, gratis og ope for alle.

I Lov om folkebibliotek står det mellom anna at folkebiblioteket skal vere ein uavhengig møteplass og arena for samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbod til barn og vaksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.

Gol bibliotek har gjennomført ei brukarundersøking i 2019 med nesten 100 svar. Her kom det fram mange ulike ynskjer til biblioteket; mellom anna stillerom og rom for sosiale møter og arrangement. Dette er tiltak som alle krev meir plass enn dagens bibliotek har.



## Gol bibliotek – mål og tiltak

Mål	Tiltak
<b>1.</b> <i>Biblioteket skal vere ein uavhengig møteplass og kulturarena</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilby ulike arrangement og utstillingar, til dømes forfattarbesøk, høgtlesing, språk kafé</li> <li>• Tilby attraktive lokale. Tilpassa samlinga og inventar, med særskilt fokus på barn og unge</li> <li>• Byggje ut biblioteket slik at det blir plass til alle dei ulike brukargruppene. Det er til dømes eit stor behov for større plass til barn og unge</li> <li>• Etablere eit stillerom</li> </ul>
<b>2.</b> <i>Biblioteket skal vidareutviklast som lærings- og informasjonsarena</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Formidling av litteratur og stimulering av leselyst</li> <li>• Opplæring og rettleiing av elevar, lærarar og andre brukargrupper</li> <li>• Tilby støtte og hjelp med pensumlitteratur til fjernstudentar</li> <li>• Leksehjelp</li> <li>• Fleirspråkleg tilbod - bøker og filmar på ulike språk</li> <li>• Tilby rettleiing og datahjelp</li> <li>• Oppretthalde samarbeidet med grunnskule og vidaregåande skule, forankra i samarbeidsavtaler</li> <li>• Samarbeid med ulike institusjonar, til dømes barnehagane, Læringsenteret Hallingdal</li> <li>• Meirope bibliotek - bibliotekløysing som gir tilgang til sjølvbetjent bibliotek utanom den bemanna opningstida</li> </ul>
<b>3.</b> <i>Biblioteket skal ivareta lokal kultur</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilby ei god lokalsamling og formidle denne aktivt</li> <li>• Tilby arrangement med lokal tilknyting</li> </ul>
<b>4.</b> <i>Biblioteket skal tilby gode digitale tenester</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilby opplæring i e-tenester, sjølvbetjent utlån og bruk av bibliotekkatalogen</li> <li>• Sørge for god digital kompetanse til personale</li> <li>• Ha tilgjengeleg oppdatert teknisk utstyr og framtidige teknologiske løysingar</li> </ul>
<b>5.</b> <i>Biblioteket skal ivareta og utvikle regionalt og nasjonalt biblioteknettverk</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppretthalde det sterke biblioteksamarbeidet i Hallingdal</li> <li>• Samarbeide med ulike aktørar for å få til ulike arrangement og utstillingar, til dømes med kulturskulen, mållaget, historielaget, barnehagar, skulen og andre bibliotek</li> <li>• Skaffe bøker, filmar og anna materiale som Gol bibliotek ikkje har tilgjengeleg</li> </ul>



Foto: Kristine Viko, Synne Marie Bangsund

*«Kulturskulen gir eit tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet og har elevplassar innanfor sang, gitar, piano, band/samspel, slagverk, dans, kor, teater, musikkteknologi og film/foto/animasjon. Gol Kulturskule har også tilbod i dei tradisjonelle folkemusikkretningane kveding og hardingfele»*

#### **4.2.3 Gol kulturskule**

Gol Kulturskule blei starta i 1979 og er ein av dei viktigaste kulturformidlarane til born og unge i bygda. Kulturskulen held til på Gol skule der det er konsertsal/aula, musikkrom, øvingsrom og kontor. Her har dei fleste av elevane undervisning, og det er her huskonsertane føregår kvar månad. Danseundervisninga held til i Gol Idrettsarena.

Kulturskulen gir eit tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet og har elevplassar innanfor sang, gitar, piano, band/samspel, slagverk, dans, kor, teater, musikkteknologi og film/foto/animasjon. Gol Kulturskule har også tilbod i dei tradisjonelle folkemusikkretningane kveding og hardingfele.

Gol Kulturskule har i dag til saman åtte lærarar i ulike stillingsprosentar, og samarbeider med dei andre kulturskulane i Hallingdal om kjøp og sal av tenester.

Det å kunne spele eit instrument, lage kunst eller stå på ein scene er ein god investering for ein solid plattform resten av livet!



## Mål og tiltak – Gol kulturskule

Mål	Tiltak
<b>1.</b> <i>Kulturskulen skal vere kommunens ressurssenter for kunst og kultur for barn og unge</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Skal famne breitt – samarbeid med grunnskule, vidaregåande skule, SFO, barnehager, integreringstenesta, lag og organisasjonar, og det lokale næringslivet</i></li> <li>• <i>Tilrettelegge for inkludering og fellesskap med vekt på mangfold og openheit</i></li> <li>• <i>Greie ut og iverksette ordning med friplass/redusert pris for dei som treng det</i></li> <li>• <i>Tilby attraktive tilbod og dermed oppretthalde og auke andelen av elevar i kommunen som går på kulturskulen</i></li> <li>• <i>Kulturskulen skal ha minimum 2 årlege konserter/framsyningar utanom dei månadlege huskonsertane</i></li> <li>• <i>Kulturskulen skal opprette eit samarbeidsutval med foreldrepräsentantar</i></li> <li>• <i>Kulturskulen skal ha undervisningslokaler som er tilrettelagt for dei ulike faga</i></li> </ul>
<b>2.</b> <i>Kulturskulen skal ha tilbod som er nyskapande og i takt med samtida, samtidig som den skal ta vare på lokale tradisjonar</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Utvikle noverande og nye gruppetilbod innanfor dans, kor, film/foto/animasjon, teater, musikkleik, band/samspel, korps og visuell kunst</i></li> <li>• <i>Utvikle noverande og nye folkemusikkttilbod</i></li> <li>• <i>Ivareta og vidareutvikle kulturskulen sin individuelle instrumental- og vokaloplæring</i></li> <li>• <i>Vere med i regionale tiltak og tilbod</i></li> </ul>
<b>3.</b> <i>Kulturskulen skal gi tilbod til alle barn og unge som ynskjer det</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Tilby undervisning som famnar både nybegynnalar (bredde) og vidarekomne (kjerne/fordjuping)</i></li> <li>• <i>Utvikle tilboden for flerkulturell integrering</i></li> <li>• <i>Utvikle gruppetilbod for barn under skulealder</i></li> </ul>

*«Gol har eit aktivt og blomstrande foreningsliv med mange friviljuge og stor dugnadsånd. Det er ingen tvil om at friviljuge lag og organisasjonar tilfører mykje til lokalsamfunnet og kulturlivet på Gol»*

#### *4.2..4 Friviljuge lag og organisasjonar*

Gol har eit aktivt og blomstrande foreningsliv med mange friviljuge og stor dugnadsånd. Det er ingen

tvil om at friviljuge lag og organisasjonar tilfører mykje til lokalsamfunnet og kulturlivet på Gol.

Det er difor viktig at Gol kommune er bevisst på sitt ansvar som tilretteleggjar, samarbeidspartner og som koordineringseining for frivilligheita.

På kulturavdelinga er kompetanse og ressursar som er til støtte for kulturlivet.

Kulturmidlar frå Gol kommune er særleg retta mot aktivitet for barn og unge.



Foto: Adrian Minde

## Friviljuge lag og organisasjonar – mål og tiltak

Mål	Tiltak
<b>1.</b> <i>Kommunen skal leggje til rette for og stimulere til eit rikt og mangfaldig organisasjonsliv ved hjelp av økonomiske tilskot, rettleiing og informasjon, så frivillig arbeid til ei kvar tid har gode vilkår i kommunen</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Skal vidareføre og auke ordningane med kommunale tilskot til kulturformål</i></li> <li>• <i>Kulturmidlar til fordeling skal årleg aukast minst i takt med konsumprisindeksen</i></li> <li>• <i>Skal halde fram å dele ut ein årleg kulturpris</i></li> <li>• <i>Skal bidra til kompetanseheving for lag og foreningar ved kurs, samlingar og informasjon</i></li> <li>• <i>Der skal gjennomførast ei undersøking av framtidig bruk av Samfunnshuset som Frivillighetens og kulturens hus</i></li> <li>• <i>Lag og organisasjonar skal ha tilgang til Tilskuddsportalen</i></li> <li>• <i>Der skal opprettast eit Kulturråd med mandat vedtatt av Gol kommune</i></li> <li>• <i>Der skal gjennomførast ei ansvars- og rolleavklaring med lag og organisasjonar</i></li> </ul>
<b>2.</b> <i>Stimulerer til inkludering av alle, uansett utfordringar og bakgrunn i det friviljuge organisasjonslivet</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Gjennom forpliktande avtaler med lag og organisasjonar skal kulturmidlane nyttast slik at dei fører til auka deltaking for alle grupper i kulturlivet</i></li> <li>• <i>Det skal opprettast og driftast eit eige frivillighetsregister med synleggjering av alle kulturtilboda i kommunen</i></li> <li>• <i>Der skal arrangerast eit felles kulturmøte for alle lag og organisasjonar med formål å lage et felles årshjul med aktiviteter</i></li> </ul>
<b>3.</b> <i>Stimulerer til vidareutvikling av eksisterande og utvikling av nye arrangement</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Løyve arrangementsmidlar i samarbeid med næringslivet etter fordeling 50/50%</i></li> <li>• <i>Fordele årlig tilskot til arrangement to gonger i året</i></li> <li>• <i>Kommunalt tilsette kan etter søknad i inntil 2 dagar i året jobbe dugnad med lønn under arrangement i Gol kommune</i></li> <li>• <i>Der skal opprettast ein kulturscene for musikk, dans og scenekunst i samarbeide med frivillige</i></li> </ul>

*«Kulturformidling handlar også om å ta vare på den lokale identiteten – dialekt, musikk og dans, tradisjonar og matkultur. Å vere medviten om sin opprinnelige kulturarv er eit vesentleg utgangspunkt for å kunne forstå sin egien identitet»*

#### *4.2.5 Kulturformidling*

Gol kommune har eit ansvar i plan- og bygningslova og kulturminnelova når det gjeld å ivareta kulturminner og kulturmiljø. Gol kommune har ikkje ein samla kulturminneplan.

Kulturplanen peikar ut prioritering av tre kulturminner i planperioden; bygdemuseet på Skaga, Kristenbråten og Renslotunet.

Gol bygdearkiv formidlar historiske bilete som blir lagt ut for digital bruk. Meir enn 30.000 bilet er digitalisert.

Kulturformidling handlar også om å ta vare på den lokale identiteten – dialekt, musikk og dans, tradisjonar og matkultur. Å vere medviten om sin opprinnelige kulturarv er eit vesentleg utgangspunkt for å kunne forstå sin egien identitet.



Foto: Jørn Magne Forland

## Kulturformidling – mål og tiltak

Mål	Tiltak
<b>1.</b> <i>Ta vare på lokal identitet som dialekt, nynorsk skriftspråk, tradisjonsmat, musikk og dans</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Det skal etablerast kulturstigar som formidlar lokal kultur gjennom faste installasjonar med lyd og bilete</i></li> <li>• <i>Sikre identitetsskapande kulturproduksjonar gjennom DKS og i samarbeid med lag og organisasjonar</i></li> <li>• <i>Bidra til vern av offentlege og private samlingar slik dei blir tilgjengelege for publikum</i></li> <li>• <i>Det skal brukast lokale matprodusentar og kortreist mat på arrangement og tilskipingar så framt det er mogeleg og passande</i></li> </ul>
<b>2.</b> <i>Synliggjere, formidle og ta vare på prioriterte kulturminner</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Det skal utarbeidast ein kulturminneplan for Gol kommune</i></li> <li>• <i>Drifta av Gol bygdearkiv skal sikrast via formelle avtaler med relevante aktørar</i></li> <li>• <i>I samarbeid med Gol bygdearkiv skal kulturminner presenterast digitalt</i></li> <li>• <i>Samarbeid med Hallingdal Museum skal halde fram og utvidast, så aktiv bruk av Gol bygdemuseum (Skaga) blir sikra</i></li> <li>• <i>Renslotunet skal sikrast som nærturmål, plass for uteundervisning og som ein utandørs kulturarena</i></li> <li>• <i>Kristenbråten skal utviklast, i samarbeid med aktuelle aktørar, til å bli eit levande bygdetun og eit naturleg turmål for lokalsamfunnet</i></li> </ul>
<b>3.</b> <i>Gol kommune skal aktivt bruke kunst i offentlege rom som strategisk utvikling av kommunen</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Ved nye reguleringsplanar og infrastrukturprosjekt skal Gol kommune vurdere kunst som verkemiddel</i></li> <li>• <i>Kulturråd skal vere fast høyringsinstans og gje innspel til kunstinstallasjonar i offentlege prosjekt</i></li> </ul>

*«Gol kommune har dei siste åra investert mykje i anlegg for organisert aktivitet. I planperioden vil fokus bli på meir eigenorganisert aktivitet i lokalområdet, særleg gjeld dette aktivitetar på Hallingmo-området»*

#### **4.2.6 Idrett og fysisk aktivitet**

I det utvida kulturbegrepet er idrett eit satsingsområde som kommunens kultur- og fritidsavdeling også har ansvar for.

I 2018 vart det vedteken ein eigen «Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2018-2021».

Dette er ein grundig og gjennomarbeidd plan som vi i denne planen viser til i når det gjeld prioriteringar innan idrettsanlegg.

Gol kommune har dei siste åra investert mykje i anlegg for organisert aktivitet. I planperioden vil fokus bli på meir eigenorganisert aktivitet i lokalområdet, særleg gjeld dette aktivitetar på Hallingmo-området.

Det er på Gol som i resten av Noreg ei utfordring å motivere barn og unge til å halde fram med fysisk aktivitet. Mange fell frå og blir inaktive når dei startar på ungdomstrinnet. I eit folkehelseperspektiv er det ynskjeleg at unge er i aktivitet. Det må for denne gruppa vere større fokus på meir laust organisert aktivitet innan prosjekt som «Aktive lokalsamfunn».

På Gol er andelen av familiær med låg inntekt høgare enn landsgjennomsnittet. Det er avgjerande at Gol kommune og lag og organisasjoner tek eit ansvar for desse familiene. Å ha gratis tilbod og elles ha eit prisnivå som femner alle er ein måte å sikre best inkludering av alle.



## *Idrett og fysisk aktivitet – mål og tiltak*

Mål	Tiltak
<b>1.</b> <i>Skal gjennomføre og fylgje opp mål og tiltak i kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Tiltak og mål er omtala i eigen plan</i></li> </ul>
<b>2.</b> <i>Tilby gratis utlån av sports- og fritidsutstyr til alle innbyggjarar i kommunen</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Opprette og drifte utlånnssentral i samarbeid med idrettslaget</i></li> <li>• <i>Fornye og oppdatere utstyr så det heile tida er funksjonelt og variert utstyr tilgjengeleg</i></li> </ul>
<b>3.</b> <i>Minske fråfall frå fritidsaktivitet for barn og unge</i>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• <i>Stimulere til nye tilbod med eigenorganisert aktivitet for barn og unge og seniorar</i></li> <li>• <i>Inngå samarbeid med Visit Gol og næringslivet om utvikling av terrengsykkelaktivitet i sentrum og på fjellet</i></li> <li>• <i>Ha ein lempeleg prispolitikk på kommunale fritidstilbod, gjerne med fleire gratis aktivitetar</i></li> <li>• <i>Delta i prosjekt om aktive lokalsamfunn</i></li> <li>• <i>Ha tilbod i kommunen og hos lag og organisasjonar der deltaking er open og inkluderande. Fokus er på meistring og sosialt samvær fram for konkurranse Døme: open hall, allidrett og offentleg bading.</i></li> <li>• <i>Opprette fritidskortordning</i></li> </ul>



Foto: Anita Borrmann Skoglund